



## Nevus, nævus eller naevus?

---

### SPRÅKSPALTEN

OLE KRISTIAN VÅGE

[ole.kristian.vage@ehelse.no](mailto:ole.kristian.vage@ehelse.no)

Ole Kristian Våge er terminolog og seniorrådgjevar i Direktoratet for e-helse og arbeider med omsetjinga av SNOMED CT til norsk.

---

Det latinske ordet for fødselsmerke eller føflekk bør skrivast slik på norsk: *nevus*.



Illustrasjonsfoto: CGinspiration/iStock

Ordet kjem frå latin med to parallelle skrivemåtar: *naevus* og *nævus*. Sistnemnde er ein såkalla ligatur, altså samanskriving av to teikn til eitt. Uansett skrivemåte: Lyden blei opphavleg uttalt som diftongen *ai*, om lag som *naivus*. Men etter kvart gjekk diftonglyden over til å bli ein e-lyd, ei systematisk lydendring som var fullført ca. år 400 (personleg melding, Klara Sjø, Universitetet i Bergen). Skrivemåten *nevus* kom difor til å bli vanleg. Vi har likevel ein rest i språket vårt frå før denne lydendringa. Ordet *keisar* kjem jo frå den romerske statsmannen Julius Caesar. Tittelen *keisar* har halde på diftonglyden, medan personnamnet som tittelen byggjer på, har gjennomgått lydendringa.

I Medisinsk ordbok (1) og Norsk medisinsk ordbok (2) finn vi alle tre skrivemåtene: *nevus*, *nævus* og *naevus*. Gyldendals store medisinsk ordbok har berre med *nævus* (3). I ordlista i Tidsskriftet står det *nævus* (4), men i praksis blir også skrivemåten *nevus* brukt i tekstar i Tidsskriftet (5).

## Språkrådet

Skrivemåten av dette ordet er ikkje normert av Språkrådet, men det finst nedfelte retningslinjer for korleis importord skal få norsk skrivemåte (6). Eit viktig prinsipp er overføringa av språklydar til skrift. Mykje tyder på at ordet blir uttalt med ein e-lyd blant norsk helsepersonell. Ei overføring av denne uttalen talar for at ordet bør skrivast *nevus* på norsk, ikkje *nævus* eller *naevus*. Om vi søker blant tekstar som er klassifiserte som «medisin og helse» i Nasjonalbibliotekets base, ser vi også ei overvekt av skrivemåten *nevus* (7). Skrivemåten i kodeverka ICD-10 og ICPC-2 er òg *nevus* (8). Fleirtalsforma blir *nevusar* (bokmål: *nevuser*).

Skrivemåten *nevus* føyer seg fint inn i ordlagingsmønster som t.d. *melanocyttnævus*, *pigmentnevus* og *stjernenevus*, med tilhøyrande fleirtalsbøyingar *melanocyttnævusar*, *pigmentnevusar* og *stjernenevusar*. I latinske samansetjingar, som til dømes *nevus sanguineus*, er det naturleg å nytte den latinske fleirtalsbøyinga, *nevi sanguinei*.

Skrivemåten ser vi òg i fleire andre tilsvarande ord frå latin, til dømes *praesens/præsens* og *faeces/fæces*. Slike ord har gått igjennom same lydendring, noko som har gjeve oss skrivemåtene *presens* og *feces*.

I omsetjinga av terminologien SNOMED CT til norsk har vi lagt oss så tett opp til skrivemåtar i Tidsskriftet som mogleg (9, 10). I den norske versjonen av SNOMED CT har vi valt *nevus* som den føretrekte skrivemåten og med *nævus* som søkbart synonym. Det er i takt med norsk medisinsk fagspråk i dag.

---

## REFERENCES

1. Nylenna M. Medisinsk ordbok. Oslo: Kunnskapsforlaget, 2017.
2. Øyri A, Braut GS, Ellingsen DK. Norsk medisinsk ordbok. 9. utg. Oslo: Samlaget, 2011.
3. Lindskog BI. Gyldendals store medisinske ordbok. Oslo: Gyldendal Akademisk, 2003.
4. Ordlista. <https://tidsskriftet.no/annet/ordliste> Lesn 2.1.2023.
5. Gjersvik P. Melanom er farlig, føflekker er snille. Tidsskr Nor Legeforen 2020; 140. doi: 10.4045/tidsskr.20.0486. [PubMed][CrossRef]
6. Sandøy H. Lånte fjører eller bunad. Om importord i norsk. <https://www.sprakradet.no/globalassets/sprakhjelp/skriverad/567norvb.pdf> Lesn 2.1.2023.
7. Nasjonalbiblioteket. <https://www.nb.no/search?q=nevus&mediatype=b%C3%B8ker&ddc=61> Lesn 2.1.2023.
8. Direktoratet for e-helse. ICD-10. <https://finnkode.ehelse.no/#icd10/o/o/o/-1> Lesn 2.1.2023.
9. Borge T, Stedenfeldt M. SNOMED CT binder fagspråkene sammen og letter kodingen. Tidsskr Nor Legeforen 2022; 142. doi: 10.4045/tidsskr.22.0288. [PubMed][CrossRef]
10. Stokke A, Våge V. Felles terminologi er pasientvennlig. Michael 2021; 18 (Suppl 26): 112–8.

---

Publisert: 28. august 2023. Tidsskr Nor Legeforen. DOI: 10.4045/tidsskr.23.0010

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2023. Lastet ned fra tidsskriftet.no 2. oktober 2023.